

TRAGEDIE

Ei kolle og kalv oppi skogslia står,
der er det stillheit og freden som rår,
og kalven han smyg seg så stilt frammed sida,
mens kolla ho ventar, so kalven får dia.

Men høgt oppi lia ein jegar går,
og derfrå han auga på kolla får,
då stilt mot kolla han smyg seg fram,
og rundar forsiktig ein bakkekam.

Då ser han dyret på nytt i skogen,
men bjørk og lyng skjuler heile bogen,
då tek han sjangsen og skåt avfyrrer,
han siktar lenger der bak på dyret.

Det rykkjer til i den stolte kropp,
når kula hans riv magen opp,
ho legg på sprang over stökk og stein,
mens kalven dansar på granne bein.

Og fort går pusten, og tungt slår hjarta,
for kolla har no sin dødskamp starta,
ho bryt seg veg over berg og mo,
for smertene gjev ho ikkje ro.

Men lenger borte i hjupe dalen,
står karen atte med jegerkvalen,
ska tru om dette var berre bom?
det var det sikkert, når han får tengt seg om.

So ruslar karen mot bygda heim,
mens kolla skjelver i sveitte eim,
på nytt kjem kalven der fram med sia,
for siste gong han si mor får dia.

Den står der rolig og på melk seg leskar,
mens frå mor si side kjem det raude veska,
og sida er no so våt og raud,
ho støner tungt og har store naud.

Den brotnar saman og fell i lega,
av feberrider ho no blir prega,
og kalven står og mot mor si ser,
dei store augene berre ber.

Og kalven ruslar der rundt om natta
han fleire gonger vil mor si patta,
den finner spenen, den er so rar,
den følest både so kald og har.

Ein snøtung vinter han gjekk imøte,
han måtte også med livet bøte,
ein tung lagnad den kalven fekk,
han svolt ihjel ved ein frossen bekk.

Eit skot på slump må du ikkje sleppe,
då må du heller la vær avtrekke,
so slepp me skjebnar av dette slag,
det ærar ikkje eit jeger-lag.



Oddvar Karlsen 1998